



Utviklingsplan 2018-2021

Utviklingsplanen skal vere skulens styringsverktøy for strategiske avgjersler. Planen bygger på skuleeigars mål og strategi for vgs opplæring «mot nye høgder» som går frå 2018 til og med 2021. Den har mål og strategiar som er felles for skulen, men også spesifikke på avdelings- og fagnivå. Planen skal reviderast i starten av kvart skuleår slik at leiing og lærarar har klare føringar for satsingar og for den pedagogiske drifta.

Innhald

Bakgrunn	1
Måla er heimla i	2
Prosessen kring utviklingsplanen	2
Hovudmål, kvalitetsmål og strategiar for Sogn og Fjordane	2
Felles mål og strategiar, Flora vidaregåande skule	3
Mål 1: Breitt tilbod til innbyggjarane	3
Mål 2: Mestring	3
Mål 3: Gjennomføring:	3
Mål 4: Trivsel	4
Mål og strategiar for kvar avdeling	5
Service og samferdsel	5
Teknikk- og industriell produksjon	5
Elektrofag	5
Helse- og oppvekstfag	6
Bygg- og anleggsfag	7
Studieførebuande – Norsk, samfunnsfag, engelsk og 2. framandspråk. 7	
Studieførebuande – realfag	8
Idrettsfag / kroppsøving	9
Rådgjevarar og elevretta støtteapparat	9
Leiinga	10
Elevrådet	10

Bakgrunn

Den vidaregåande opplæringa skal ta vare på mangfaldet i elevgruppa og samtidig gi eit godt grunnlag for å møte endringar i framtida. Elevane sitt behov og interesser skal ivaretakast og det skal leggjast vekt på at opplæringa er relevant for elevane si aktive deltaking i samfunnet, i arbeidslivet og i høgare utdanning.

Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma må derfor ruste elevane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei studieførebuande programma må legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Mål- og strategidokumentet skal gi rammer for samarbeid mellom skulane og mellom skule og bedrift, og synleggjere vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt. Mål og strategiarbeidet til fylkeskommunen er klare på at hovudmåla til skulen er å legge til rette for trivsel, mestring og gjennomføring.

Om planen

Samfunnet krev at skulen ser elevane våre, viser fram moglegheiter og støttar dei med tilpassa læringstrategiar for å meistre livet sitt.

Vi skal levere frå oss desse elevane til eit samfunn som stadig endrar seg raskare.

Skal vi lukkast må leiing, lærarar og støttefunksjonar ha mål å strekke seg etter.

Dette dokumentet er vår plan for å tilby elevane den kvalitetsmessig beste skulen tilpassa både framtida og behova til regionen vår.

Flora vgs skal gjere sitt ytterste for å skape trivsel, mestring og gjennomføring for dei elevane skulen har til ei kvar tid.



Måla er heimla i

- formålsparagrafen (opplæringslova §1.1) som formulerer verdiane som opplæringa skal realisere.
- opplæringslova som regulerer plikta fylkeskommunen har til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for alle som er busette i fylket. Fylkeskommunen skal planleggje og byggje ut eit opplæringstilbod i samsvar med nasjonale mål, søkjarane sine ønske og det behovet samfunnet har for vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar (§13-3).
- opplæringslova, §1-3 og §13-3, opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene til den enkelte og føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse (§1-3 og §13-3).
- opplæringslova § 13-10 som seier at skuleeigar skal ha eit forsvarleg system som sikrar at lova sine pålegg og at elevane sine rettar blir følgd og innfridd. Skulane og lærebedriftene skal i følgje forskrifta til opplæringslova § 2-1:

Proessen kring utviklingsplanen

- 20/12-17: Utkast til felles mål og strategi presenterast i fellesmøte. Høyring på seksjonsnivå.
- 3/1-18: Oppsummering av høyring i fellesmøte. Spissa tilbakemeldingar på mål/strategi per avdeling.
- 17/1-18: Første utkast klar. Oppfølging av avdelingar og faggrupper der det er endringar.
- 24/1-18: Lansering av utviklingsplanen, versjon 1.0.
- 9-10/4-18: Leiarsamling i Flåm med revisjon av handlingskortet.
- 12/9-18: Revisjon av planen frå personalet ved kvalitetsutviklingsgruppa og personale. Dette gjerar årleg i august fram til 2020.

Hovudmål, kvalitetsmål og strategiar for Sogn og Fjordane

Opplæringsavdelinga har satt felles hovudmål, kvalitetsmål og strategiar for alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane. Dette legg føringar for alle dei vidaregåande skulane.




FIGURE 1: "MOT NYE HØGDER, 2018-2021, SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE"

Felles mål og strategiar, Flora vidaregåande skule

I den daglige drifta skal skulen navigere etter krav frå opplæringslova, forskrifter og ulike pålegg som kjem frå skuleeigar. Mål bør vere så spesifikke at vi kan måle om dei er nådd. Tidshorisonten er innan utgangen av 2021. Strategiane er korleis vi skal jobbe for å nå måla ovanfor. Strategiane og tiltaka er samordna for heile skulen.

Mål 1: Breitt tilbod til innbyggjarane

Flora vidaregåande skule skal vere ein regional utviklingspartner for næringslivet i Florø og omliggande kommunar. Målet for skulen er å vidareføre dagens elevgrupper. Til det treng vi ein tydeleg skuleeigar som kan gje oss føreseielege rammer.

Mål	Strategiar
Breiest mogleg tilbod som samsvarer med arbeidsmarknaden i regionen.	Flora vgs skal jobbe for å behalde tilbodet innan dei 7 utdanningsprogramma vi har, i samarbeid med lokalt næringsliv. Delta i lokale nettverk i yrkesfaga skulen tilbyr for å betre overgang til jobb. Samarbeid med Måløy- og Førde-regionen for å sikre rekruttering til vg2 tilbod og regionlinjer.
Vere ein synleg og relevant bidragsytar til lokalsamfunnet	Vi skal synleggjere skulens arbeid gjennom intern og ekstern marknadsføring via nettsider, FB, skjermar og media. Flora vgs skal opne skulen for andre aktørar for aktivitetar som stettar fylkeskommunale planar.

Mål 2: Mestring

Dei overordna måla til fylket seier at vi skal tilby elevar og lærlingar det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet. Då må vi ha elevar som mestrar både skule og livet. Flora vgs ønskjer minimum 3,8 i Elevundersøkinga på kvalitetsindikator «Mestring». Hovudstrategien er å jobbe med lærarane si verktøykasse for å best mogleg tilpasse metode for elevane.

Mål	Strategiar
Vi skal ha ein undervisningspraksis som gjer at elevane kan mestre skuledag og fag.	Utviklingsprosjekt på faggruppenivå som bidreg best mogleg tilpassa opplæring og vurderingspraksis som fremmar læring, aukar meistringsskjensle og motivasjon.
Vi skal ha ein skule som set elevane i stand til å mestre moglegheiter og utfordringar lokalt og globalt, innan arbeid, utdanning og kulturmøter	Legge til rette for at elevane kan få prøve ut internasjonalisering og entreprenørskap gjennom arbeid med ungdomsbedrifter og utviklingsprosjekt i Malawi og Uganda.
Nytte arbeidsliv som ein alternativ mestring/ opplæringsarena/ Fleire elevar på vg1 skal få arbeidserfaring frå arbeidslivet.	Synleggjere samarbeids-kontrakter med bedrifter på utdanning.no
Kursing og utdanning skal rettast inn mot område og tema som bidreg til å verkeleggjere måla skulen har sett seg.	Legge til rette for kompetanseheving innan prioriterte satsingsområder.

Mål 3: Gjennomføring:

87 prosent av dei som byrjar i vidaregåande opplæring skal ha gjennomført opplæringa innan fem år er målet til fylket. Dette er ambisiøst og krev målretta innsats. Per 2016/17 ligg vi godt ann med ei gjennomføring på

studieførebuande på 98 %. For yrkesfag ligg vi på langt unna med 66 % same år. Inntakspoenga til elevane i Flora på yrkesfag viser at dei ligg langt under snittet i fylket. Måla er justert deretter.

Mål	Strategiar
Gjennomføring på yrkesfag vg2 på 78 %.	Lærarar og støtteapparat skal jobbe systematisk og strekke seg langt slik at kvar elev gjennomfører eit løp som er best for si karriere.
Gjennomføring på studieførebuande vg3 på 96 %	
Gjennomføring av opplæringa innan fem år 87 %	
Betre organisering av spes ped. ved skulen	Utprøving av alle elevar slik at vi kan nytte ressursane meir fleksibelt enn før.
Alle elevar som ønskjer det skal få læreplass	Yrkesfaglege linjer skal nok partnerskap med arbeidslivet slik at alle elevar som <i>vil</i> skal få praksis i skulen, som igjen fører eleven nærare læreplass.

Mål 4: Trivsel

Det er mange tiltak som vil bidra til auka trivsel for elevane våre. Våre kvalitetsmål viser ikkje heile biletet. Elevundersøkinga er eit verktøy som samanfattar elevane si subjektive oppfatning. Den vert målt kvart år. Flora vgs skal ha 4,4 eller betre på kvalitetsindikator «Trivsel» i Elevundersøkinga.

Mål	Strategiar
Trivsel 4,4 på elevundersøkinga	Vi skal bruke Bibliotek, kantine og miljøkoordinator som aktive verktøy retta mot elevanes trivsel. Elevråd skal få eige kontor.
Sjukefråvær blant tilsette, under 5 %	Tettare oppfølging frå næraste leiar, tilrettelegging der dette er mogleg.
Varierte metodar.	Vi skal organisere 3-4 personalsamlingar årleg. Auke kunnskap og betre bruk av IKT slik at vi kan ha betre dialog med elevane våre (kurs i Teams og One Note).

Mål og strategi per avdeling

Denne delen av utviklingsplanen skal ha syn mot kor kvar einskild avdeling/fag ønskjer å vere innan gangen av år 2021. Totalt sett skjer det mykje utviklingsarbeid på skulen, men ein må ha fokus nok til å bli god i det ein gjer. Strategiane og tiltaka skal sikte mot dei felles langsiktige måla, men det skal også vere spesifikt nok til at ein veit kva ein skal sikte mot i sitt daglege virke.

Service og samferdsel

Mål vi har sett oss:	Kva tiltak skal vi gjere?
Heve kompetansen innan ungdomsbedrift og yff	Kurs innan ungdomsbedrift. Studie innan yff
Styrke samarbeid med næringslivet	Fleire bedriftsbesøk, auke omfang av yff utplassering. Innovasjonscamp i samarbeid med næringslivet.
Starte med ungdomsbedrift	Starte i liten skala dette skuleåret. Utvide frå neste skuleår.
Etablere Erasmus + samarbeid i utlandet	Etablere samarbeid i England / Irland

Revidert sept/okt 2018.

Teknikk- og industriell produksjon

Mål vi har sett oss:	Kva tiltak skal vi gjere?
Utnytte nettverket meir	Meir utplassering og bedriftsbesøk på vg1. Oppretthalde trykket på å få «alle ut» i lære.
Modernisering av utstyrsparcken	Investeringar, oppdatere innkjøpsplan for avdelinga. Rette investeringsplan mot meir digitalt verkstads utstyr.
Ungdomsbedrift og konkurransar som motivasjonsfaktor	Gjere oppdrag for lokalt næringsliv – ungdomsbedrift. Vise fram faget via yrkesfagkonkurransar.
Marknadsføring	Bli med på karrieredag på ungdomsskulen. Nettverk – maritim foreining
Kompetanseheving	Digitalt verkstads utstyr... CNC Autocad, Pneumatikk, samarbeid med elektro. Hospitering i næringslivet. Delta i maritim foreining sitt nettverk.

Revidert Sept 2018.

Elektrofag

Mål vi har sett oss:	Kva tiltak skal vi gjere?	Korleis meiner vi dette kan bidra til den einskilde eleven si?
Rutiner for God orden og system i avdelinga	Sette av tid og plan til rydding kvar uke Tilpasse timeplan og samkøyre programfag.	Gjennomføring: Vi førebur elevane til rutinar/system som er i arbeidslivet.
Tettare samarbeid med OFEL for å kartlegge styrker og svakheter på nye lærlingar som kjem frå FVGS	Finne ut korleis elevane skårar på lærlingtestane til OFEL. Dialog med dei om dette.	Ved å skåre betre på lærlingtestane vil elevane oppnå betre mestring. Vi kan også få tilpassa undervisninga på Fvgs for å betre denne.

Gode elevar inn, betre elevar ut.	rekruttering i Flora og omland + frå kommunane sør for oss. Godt samarbeid med nettverk – ha gode og attraktive læreplassar. Utvide nettverk. Maritim foreining sfj + maritim elektro.
--	---

Revidert sept 2018.

Helse- og oppvekstfag

Mål vi har sett oss:	Kva tiltak skal vi gjere?
Eit godt klassemiljø/læringsmiljø frå skulestart.	• Fordele elevar med utfordringar på begge vg1klassene. Gjeld også 3.12elevar. • Pedagogisk støtte også i programfag, ikkje kun i fellesfaga. • Pedagog må også ha muligheit for å følgje elevar med utfordringar opp på praksisplassen. Altså vere med eleven over tid, ikkje berre besøk.
Elevane mestrar skulefaga. Elevane huskar i større grad fagstoff frå vg1 til vg2.	• Tilrettelegging og tilpassing. • Lage praktiske undervisningsopplegg for å få til variert opplæring. • Meir tid på planleggingsdag til å lage praktiske undervisningsopplegg i fellesskap. • Tverrfaglege undervisningsopplegg.
Elevane trivast og føler seg trygge.	• Introdusere eleven på praksisplassen. • Trygge og gode oppstarts aktivitetar. • Overnattingstur der det er mulig. • Småsnakke. Skape gode relasjonar. Vise at vi har tid til elevane.
- auke rekrutteringa pga at behovet for fagutdanna aukar / H.O på Flora vgs har eit godt omdøme	• Finne gode elevar som presenterer linja (saman med rådgjevarane) • Marknadsføre linja i media og sosiale medium.

Revidert Januar 2018.

Bygg- og anleggsfag

Mål vi har sett oss:	Kva tiltak skal vi gjere?
Prøvestasjon i Rørlegger (og tømmerfaget/vent/blikk)	Kjøpe inn utstyr – setje den i verk – samarbeide med Byggopp og bedriftene.
Tettare samarbeid med næringslivet	Registrere alle bedrifter vi samarbeider med synleg på utdanning.no Arrangere nettverk i dei respektive faga.
Fleire elevar frå Svelgen, Bremanger, Eikefjord, kysten (Måløy, Askvoll, Solund) og Førde	Fast samarbeid med Byggopp om rekruttering frå vg1 linjene i Måløy og på Mo og Øyrane. Opne for ekstra hospitering for både 10. klasse og vg1 elevar. Få ut gode saker om linjene våre i media.
Auke lærarane sin kompetanse	Samarbeid med andre skular for å vise fram vg2-3 tilbod. Utveksling og hospitering. Kursing av lærarar

Revidert september-oktober 2018.

Studieførebuande – Norsk, samfunnsfag, engelsk og 2. framandspråk.

Filologiske fag som fellesfag YF	Mål vi har sett oss:	Kva tiltak skal vi gjere?
Norsk / Engelsk	Vurdering / betre digitale ferdigheter	Bli betre i bruk av Teams og One Note. Jobbe med skriverammer og prosessorientert skriving på fagnivå slik at vi vert tryggare på å nytte dette i klassen.
Norsk	Få elevane til å like å lese, bli kritiske til det dei les og ser.	Lære elevane å vere kjeldekritiske
Engelsk	Betre Digitale ferdigheter.	Kompetanseheving i Teams og One Note. Bruke Teams til å dele undervisningsopplegg.
2. framandspråk	Få elevane til å bli gode til å tenke, forstå, reflektere, diskutere og bli gagns menneske.	Utreie å ta språkklassar med på studiereiser til aktuelle språkområder. Vg2.
	Betre lese- og skrivestrategiar	Fokus via arbeid i faggruppa.
	Kompetanseheving språklærarar	Påfyll, kompetanseheving for lærarane
Samfunnsfag	Innlæring av omgrep i samfunnsfag for framandspråklege	Fokus via arbeid i faggruppa.
	Dybdelæring i historie	Bruke kunnskap meir aktivt og auke refleksjonsnivå. T.d gjennom andre evalueringsmåtar.
	Jobbe meir temabasert i fag med få veketimar	Fokus via arbeid i faggruppa / samarbeid mellom lærarar.
	Kjeldekritikk og metode	Jobbe med metodar for å lese fagstoff

Revidert oktober 2018.

Studieførebuande – realfag

Realfag som fellesfag YF	Mål vi har sett oss:	Kva tiltak skal vi gjere?	Korleis meiner vi dette kan bidra til at den einskilde eleven si:
Realfag som fellesfag YF / Matematikk og naturfag	Blir gode på å dele undervisningsopplegg	Kompetanseheving, OneNote. Opprette team for dele og bruke innan matematikk og naturfag.	Tidssparande for lærarane og betre tid til å førebu undervisning. Betre undervisning/ Meir varierte opplegg gjev mestring for fleire elevar.
Matematikk	Variert undervisning	Kjøpe inn og ta i bruk konkretar, og gjere det tilgjengeleg for alle realfagslærarane. Dette treng ikkje vere direkte knytt til yrkesfaget.	Elevane får eit betre grunnlag i matematikk og kan bruke det til å løyse andre oppgåver. Visualisering av matematikken vil auke gjennomføringa og meistringskjensla. Meir variasjon vil føre til trivsel.
som fellesfag Studspes/ID Matematikk	Tilpassa undervisning for fleire	Ha tre P-mattegrupper i vg1 og vg2. Ei litt større gruppe med sterke elevar og to mindre grupper med svakare elevar.	Trivsel: Dei svakaste elevane til kunne delta meir. Det vert lettare å diskutere matematikken. «Dumme spørsmål» forsvinn. Mestring: Opplegget er meir tilpassa og lærar får meir tid til kvar elev. Gjennomføring er ei direkte følge av dette.
Matematikk og Naturfag	Tilpassa undervisning	Undervise same yf gruppe over fleire år.	Kjenner elevane og kan såleis vite betre korleis vi kan tilpasse til den einskilde elev.
Naturfag	Variert undervisning	Ta i bruk engasjerande naturfag. Delta i Lektor 2 / DNS	Betre undervisning/ Meir varierte opplegg gjev mestring for fleire elevar.

Revidert okt 2018.

Idrettsfag / kroppsøving

	Mål vi har sett oss:	Kva tiltak skal vi gjere?	Korleis meiner vi dette kan bidra til at den einssilde eleven si:
Programfag ID.	Alle skal oppleve mestringsfølelse	* Følgje opp elevar som vel individuelle idrettar * Vidareutvikle vurderingskriterier i praktiske idrettsfag.	* Mestring viktig for eleven si læring og utvikling
	Attraktiv studieretning	* Betre samarbeid mellom skule og idrettslag * marknadsføring av linja / delta og vere synleg i lokalmiljøet.	* Idrettsinteresserte lærarar og tettare oppfølging av elevane. * Betre læring og utvikling
Kroppsøving	Alle skal få mestringsfølelse ut frå egne føresetnader	* Idrettsglede – Rørsleglede * «Støttelærar» * Støtte til utviklingsprosjekt i klasse 1 ss/ 1 ho.	Gjennomføre aktivitetar som er tilpassa eleven.
	Tettare oppfølging	* Bli betre å snakke med elevane om deira fritidsaktivitet/idrettsaktivitet. * Tettare læraroppfølging for elevar med ulike vanskar (har mista ekstra ressurs dette skuleåret!!).	Eleven føler seg sett. Eleven får betre kunnskap om trening og livsstil/interesse.

Revidert sept/okt 2018.

Rådgjevarar og elevretta støtteapparat

Rådgjevar/ støtteapparat	Mål vi har sett oss	Tiltak
Elevenesta: Karriererådgjeving Rådgjevarar, helseteam, NAV-rådgjevar og kontaktlærarar	Tilpasse skulekvardagen etter einssildelevane sine behov.	Meir tverrfagleg samarbeid rundt einssildelevar Betre struktur på møter og informasjonsflyt rundt klassar og elevar. Finne brukbare metodar for å dele informasjon innad i "elevteamet".
Arbeidslivskontakt	Må vere meir aktive og synlege i skulesamfunnet og arbeidslivet.	• Arrangement for elevar, bedrifter inn i skulen. • Representere skulen i eksterne forum. • Bidra til å skaffe fleire læreplassar.
Sosialpedagogisk rettleiing	Utvikle standardiserte handlingsrutinar ved - Fråvær - 1 og IV - Avslutting - Innsøking - Utvikle kompetanse for å møte elevar med - ulike diagnosar - ulike fagvanskar - psykiske vanskar - sosiale vanskar - konflikthandtering - migrasjonspedagogikk - Rettleiing	• Internt arbeid mot felles rutinar. Godt samarbeid mellom rådgjevartenesta og ped-leiing. • Erfaringsutveksling med andre skular • Vidareutdanning retta mot behova nemnt i cella til venstre.
Spesialpedagogikk	Ivareta elevane sine behov for spes-ped oppfølging gjennom eit velfungerande system på Flora vgs.	Etablere gode rutinar for spes-ped arbeidet som ivaretar eleven... og som bidreg til at vi kan nytte ekstraressursane der dei trengs mest.

Revidert okt 2018.

Leinga

Mål vi har sett oss:	Kva tiltak skal vi gjere?
Færre og meir tydelege kollektive utviklingsprosjekt	Fokus i 2018: - kollegabaserte utviklingsprosjekt, - Felles løft innan One Note og Teams for å betre kommunikasjon mellom leing-lærer-elev. - Betre strukturar for fagsamarbeid. - Henge med på utforminga av nye læreplanar. - Innføre vurdering av undervisning på faggruppenivå.
Reduksjon av sjukefråvær	Betre rutinar på oppfølging.
Auke samhandling mellom skulen og skuleeigar	Oppdatere handlingsplan for IA arbeidet og jobbe etter desse. Bidra aktivt og med høg kvalitet i høyringsprosessar. Invitere og involvere skuleeigar i utviklingsprosjekt ved skulen

Revidert okt. 2018.

Elevrådet

Mål vi har satt oss:	Hva skal vi gjøre:
Stimulere alle elevene til å være deltakere i elevmedvirkning gjennom elevrådet for å få til et enda betre skolemiljø.	En god skolering av elevrådet, elevråd bør få eget kontor for å være mer synlig. Stille krav til alle tillitsvalgte og vara slik at alle er aktive deltakere i elevrådet for sin klasse.
Legge til rette for nye trivselstiltak sammen med miljøkoordinator slik at elevene trives og føler seg som en del av skolesamfunnet.	Ha minst et foredrag i løpet av skoleåret der det settes fokus på motivasjon og trivsel. Legge til rette for aktivitetsdager der hele skolen deltar. Involvere alle klassene på skolen i forskjellige markeringer og trivselstiltak.
Samarbeide tett med alle skoleutvalg for å forbedre alle tiltak og aktiviteter.	Ha minst fire møter per skoleår sammen med de forskjellige utvalgene for å gå gjennom årsplanen og tiltak utvalgene arbeider med. Synliggjøre dette arbeidet i alle klassene gjennom tillitsvalgte og vara.